



Turid Husdal Haugsvær
Blindheimsvegen 5
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar: Ref.:XXNQXT-
Skjemanr.:5367
Vår: 23/2294 - 23/22461

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
22.03.2023

Førebels svar på krav om endring av bygningskode/bruksendring frå uthus til fritidsbustad - gbnr 230/1 og 230/2 Husdal

Vi viser til mottatt krav om endring av bygningsopplysningar for bygg på gbnr 230/1 og 230/2 journalført mottatt 14.03.2023 og telefonsamtale i dag. Slik vi forstår gjeld dette bygg med bygningsnummer 176335564 som er registrert med bygningskode 241, dvs.hus for dyr/landbruk/lager/silo. De skriv at uthuset vart ombygd til fritidsbustad på 1970 – talet og at bygget sidan har vore nytta til dette føremålet.

Bruksendring frå uthus til fritidsbustad er eit søknadspiktig tiltak etter plan- og bygningslova. For å få endra bygningskode i matrikkelen må det dokumenterast at det er søkt om og gitt løyve til at uthuset er bygd om til fritidsbustad. Vi kan ikkje sjå av kommunen sitt arkiv at det er søkt om bruksendring. Dersom de likevel kan dokumentera at bygget er godkjend bruksendra til fritidsbustad etter plan- og bygningslova, ber vi om at dette vert oversend kommunen innan 15.04.2023.

Kommunen vil behandla kravet om endring av bygningsopplysningar når fristen er ute.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mariann Husdal
Turid Husdal Haugsvær

Heiane 7
Blindheimsvegen 5

5131 NYBORG
5131 NYBORG